



## Bygging av einebustad på Golvsengane, tomt 10



"Alle skal kunne bu trygt og godt"  
Bustadsosial handlingsplan



### Prosjektbakgrunn:

I tråd med regjeringa sin nasjonale strategi for bustadsosialt arbeid, vedtok Eid kommunestyre i 2013 ein **bustadsosial handlingsplan**. Planen har målsetjing om systematisk, langsiktig og målretta tiltak for å kunne tilby bustader til grupper som har vanskar med å skaffe seg bustad sjølve. God bustadfordeling er ein føresetnad for at alle innbyggjarar skal kunne bu trygt og godt, uavhengig av sosiale, helsemessige eller økonomiske føresetnader.

På bakgrunn av kartleggingsarbeidet har Eid kommune definert aktuelle areal som i framtida kan nyttast til bygging av kommunabustadar.

Eit viktig mål for bustadsosialt arbeid er ei variert lokalisering av bustadane, slik at flest mogeleg skal kunne bu i ordinære bustader og vere ein del av det vanlege bumiljøet.

### Byggjeprosess

Eid kommune har inngått kontrakt med entreprenør og utbyggjar *Dvergsdal & Sunde Bygg AS* om bygging av den planlagde einebustaden på tomt 10 i bustadfeltet på Golvsengane.

Vedlagt finn du teknisk beskrivelse og planteikningar på korleis bygget er tenkt. Bustaden skal etter planen vere ferdigstilt i midten av april 2016. Arbeidet med tomt og bygg vil starte i midten av oktober 2015.

### Busetting

Einebustaden vil bestå av ein hovudetasje med plass til ein liten familie, og 2 hyblar i underetasjen. I forbindelse med carporten kjem det ei utebod.

Bustadane er planlagt finansiert gjennom tilskot frå Husbanken og husleige frå bebuarane, og vil bli bustad for flyktningar og andre med bustadsosiale utfordringar.

Meir informasjon om arbeidet til Flyktingtenesta finn du på side 2.

## Flyktningtenesta i Eid

Flyktningtenesta i Eid kommune har ansvar for busetting av flyktningar i kommunen, og for introduksjonsprogrammet (2-årig) i lag med vaksenopplæringa. Vårt mål er å gje flyktningane ein god start på sitt nye tilvære. Vi vil skape økonomisk og sosial tryggleik, samt høve til å kvalifisere seg for arbeid eller utdanning gjennom introduksjonsprogrammet.

Dei som vert busett har fått opphaldsløyve, og skal etablere seg for fyrste gong i Noreg. Dei fleste har fått opphald fordi dei treng beskyttelse, dvs. at dei vert rekna som forflygde i eige land. Andre har fått opphald på humanitært grunnlag, eller fordi dei treng særskild vern. Mange av flyktningane kom til Noreg som asylsøkkjarar, og har tidlegare budd på eit mottak.

Nokre av flyktningane har fått avklart sin asylstatus før dei kjem til Noreg.

Dei kjem hit til landet som kvoteflyktningar. I tillegg buset kommunen nokre som har fått familieforeining.

Eid kommune har ei målsetjing om å busette i snitt 30 flyktningar per år, inkludert familiegjenforeining. I tillegg er det vedtatt å ta imot 4 ekstra i 2015 grunna krisa i Syria.

Det følgjer ekstra statlege tilskot med busetting av flyktningar. Desse tilskota dekkjer både opplæring og anna aktivitet, stillingar i flyktningteneste, finansiering av bustader samt styrka ressursar i skule og barnehage.

Avdelingsleiar for flyktningtenesta og vaksenopplæringa i Eid kommune er Rune Engeseth.

### Har du spørsmål, ta kontakt!

#### Prosjekt: Golvsengane, tomt 10:



Roger Oppedal, prosjektleiar Eid kommune  
Tlf 971 97 642  
roger.oppedal@eid.kommune.no



Trond Dvergsdal, Prosjektleiar  
Tlf 404 44 700  
trond.dvergsdal@dsgruppen.no

#### Flyktningtenesta / vaksenopplæringa:

Rune Engeseth, avdelingsleiar i Eid kommune  
Tlf 922 36 743  
rune.engeseth@eid.kommune.no



Eid kommune

